



Hareid IL- fotball er opptekne av å utvikle kvar einskild som fotballspelar og som menneske. For å oppnå dette må vi ha eit trygt og godt miljø der alle trivast. Det er difor avgjerande at samarbeidet og kontakta mellom dei aktive spelarane, trenarar, leiarar og føresette er godt og er prega av inkludering, toleranse og respekt!

Hareid IL - fotball skal framstå som ein klubb der Fair play er prioritert i alle ledd. Hareid IL skal vere ein inkluderande klubb som jobbar etter Fair play prinsippa.

Hareid IL - fotball har laga denne handlingsplanen som beskriv fair play - verdiar for spelarar, trenarar/leiarar, føresette /foreldre, og andre aktørar.

Fair Play handlar om korleis vi oppfører oss mot kvarandre, både på og utanfor bana.

Foreldrevettreglane skal være synlege på alle Hareid IL sine anlegg. Disse reglane skal gjennomgåast på alle foreldremøte i starten av ny sesong. Det skal vere kampvert på alle heimekamper. Kampvert skal vere iført Fair Play sin kampvertvest.

Alle spelarar, trenarar og lagleiarar skal inngå Fair Play kontrakter med Hareid IL- fotball.

Alle har eit ansvar for å bidra til eit godt fotballmiljø!

For å skape eit godt fotballmiljø på Hareid ligg stikkorda for dette i eige namn:

- H – Holdningar
- A – Allsidighet
- R – Respekt
- E – Engasjement
- I - Inkludering
- D - Deltakande

#### **Som spelar:**

Ta vare på medspelaren og alltid inkludere nye lagkameratar.

Vis gode haldningars både på og utanfor bana.

Vis god folkeskikk. Banning og mobbing vert ikkje godteke. God framferd gjeld også på laget sine reiser. Då er du ambassadør for Hareid IL.

Unngå stygt spel og filming

Skap tryggheit og god lagånd på bana.

Fair play - ånda skal vekse fram ved:

- Å trenere og spele kamper med godt humør
- Behandle motstandaren med respekt
- Hjelpe skada spelar uansett lag
- Helse på motstandar før kampen
- Takke motstandar etter kampen
- Ikkje kjefte på andre

**Til føresette/foreldre/besteforeldre osv:**

- Di interesse er viktig – møt fram til kamp og trening.
- Likeverd, aksept og inkludering skal gjelde alle i fotballmiljøet.
- Verdsett oppleving, god oppførsel og lagånd høgt.
- Respekter trenarens bruk av spelarar – ikkje kritisere hans/hennes avgjersle.
- Sjå på dommaren som en veileder – ikkje kritisere hans/hennes avgjersle.
- Resultatet skal ikkje stå i sentrum – spelarane si tryggheit og meistringskjensle er det som gjer trivsel.
- Gi oppmuntring til alle spelarane – ikkje berre dei du kjenner.
- Stimuler til deltaking – utan noko form for press.
- Ta gjerne initiativ til å bidra på foreldremøter for å avklare haldningar og ambisjonar.
- Respekter arbeidet klubben utfører.
- Bidrar til klubben gjennom dugnadar, betal treningsavgift, kontingen og eigenandeler innan fastsette fristar.
- Aksepter reglar som lageleiarside og foreldreside under kamper og turneringar.

**Til trener/lagleiar:**

Som trenar og lagleiar er du forbilde for dei andre både på og utanfor bana. Positive og gode haldningar vil overførast til spelarar og føresette.

Fotball skal være morosamt og utøvast i trygge og inkluderande omgjevnader. Resultatkrev skal ikkje overgå den naturlige gleda av å drive med fotball.

Som trenar og leiar har du ansvar for at spelet utøvast i den rette Fair Play-ånd.

Du skal gjennom di framferd stimulere til at spelarar respekterar kvarandre og viser ei sportsleg haldning ovanfor medspelarar, motspelarar, dommarar og motstandarane sine leiarar og føresette.

Du skal både på trening og i kampsituasjon, legge vekt på læringseffekt både for laget og enkeltspelarar. Du skal oppnå dette utan at enkeltspelarar blir unødig tilsidesetted ved manglende prestasjoner eller resultat.

Du skal sørge for at spelarane har kjennskap til reglar og retningslinjer, og at disse blir fylgt.

Dersom spelarane ikkje oppfører seg i samsvar med Hareid IL sitt Fair Play reglement, har du som trenar eller lagleiar plikt til å sanksjonere.

Det er ditt ansvar at spelarane forstår:

- Betydningen av dommarens situasjon og funksjon.
- At dommaren må ta hurtige valg og dermed umogleg kan være feilfrie.
- Betydninga av å ikkje overreagere på dommeravgjersler.
- Dommars avgjersle blir stående – respekter denne. Ha fokus på spel og prestasjoner.
- Betydninga av å fylgje regelverket – det tjener alle parter og dermed også spelet.

### **Kampvertrolle:**

Ein Fair Play kampvert vil bidra til at fotballkampane føregår i trygge rammer. Kampverten skal være ein godt synleg person som sikrar at kampen/turneringane gjennomførast i rette Fair Play – ånd, både på bana og på sidelinja.

Oppgåver i forbindelse med kamp:

- Møt opp 30-60 minutt før kampstart.
- Ta imot besøkjande lag og ynskje dei velkomne.
- Ta imot dommar.
- Informer om det er særskilte forhold som alle bør være klar over.
- Bidra til å gjennomføre Fair Play – helsing.
- Ha positiv merksemd på begge foreldregruppene og lagleiinga.
- Gripe inn om naudsynt.
- Takke besøkjande lag og dommar for kamp og ynskje velkommen tilbake ved seinare høve !

### **Foreldrevettregler**

Som foresatte og foreldre kan du bidra til å gjere barnefotballen til ei oppleveling for barna. Her er nokon hugsegeregler:

1. Støtt opp om klubbens arbeid – gjennom foreldremøter forankrast fotballens og klubbens verdisyn.
2. Møt fram til kampar og treningar – du er viktig både for spelarane og miljøet.
3. Gje oppmuntring til alle spelarane i med- og motgang – dette gir trygghet, trivsel og motivasjon for å bli i fotballfamilien lenge.
4. Vi har alle ansvar for kampmiljøet – gje ros til begge lag for gode prestasjonar og Fair Play.
5. Respekter trenars kampleiing – konstruktiv dialog om gjennomføring tas med trener og klubb i etterkant.
6. Respekter dommarenas avgjersler – sjølv om du av og til er uenig!
7. Det er ditt barn som spelar fotball. Oppstre positivt og støttande – då er du ein god medspelar!



*Det handlar om respekt - ikkje sant?*

